



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 15.12.2022  
**Møtestad:** Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 17:15 - 20:30

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Einar Villanger	Ap
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Otto-Andre Nordby	H
Paul Gunnar Gullaksen	H
Paul Magnar Knapskog	H
Silje Sulen Gullaksen	H
Paul Erling Rognsvåg	H

  

<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Inge Waage	Uavh
Ove Gunnar Nilsen	H

  

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Frode Hjønnvåg	Frp
Marit Solbakk Øien	Frp
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**  
Berit Karin Rystad, Bjarte Villanger, Kristin Handeland

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
056/22	Delegerte saker
053/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
054/22	Godkjenning av møtebok
055/22	Referatsaker
057/22	Høyring og offentlig ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland
058/22	Energieffektivisering i kommunale bygg
059/22	Forslag om ny organisering/selskapsstruktur i NGIR
060/22	Tilbod frå NGIR om å ta over fakturering av renovasjons- og slamgebyr på Fedje
061/22	Møteplan for formannskapet og kommunestyret fyrste halvår 2023
062/22	Høyring av rapport frå ekspertutvalget som har vurdert vidare handtering av ubåtvraket U-864
063/22	Antal representantar i kommunestyret for perioden 2023 - 2027
064/22	Betalingssatsar matpengar barnehagen 2023
065/22	Betalingssatsar SFO 2023
066/22	Satsar for kulturskulen 2023
067/22	Justering av sats for omsorgsstønad 2023
068/22	Justering av satsar for matombringning 2023
069/22	Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelp 2023
070/22	Justering av satsar for tryggleiksalarm og velferdsteknologi 2023
071/22	Gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2023 (gebyrregulativ byggesak og oppmåling mm)
072/22	Kommunale gebyr for feiing og tilsyn
073/22	Kommunale gebyr for renovasjon 2023
074/22	Kommunale gebyr for tømning av slam 2023
075/22	Kommunale gebyr for vatn og avløp
076/22	Husleige i kommunale bustader i 2023
077/22	Kommunebudsjettet for 2023 og økonomiplan for 2023-2026
078/22	Godkjenning av skatteøre og skattesats etter eigedomsskattelova for 2023
079/22	Anbod på utviding av gravplass Bøgardsvika
080/22	Eventuelt

056/22: Delegerete saker

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 056/22 Vedtak:**

Delegerete saker vert tekne til orientering.  
Samrøystes.

---

053/22: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 053/22 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.  
Samrøystes vedteke.

---

054/22: Godkjenning av møtebok

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 054/22 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.  
Samrøystes vedteke.

---

055/22: Referatsaker

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

Kommunedirektøren orientert om :

- om brev frå Alver kommune som omhandlar sak 059/22
- brev frå Fedje sokneråd
- Auke i bemanning i barnehagen
- 

**K - sak 055/22 Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes.

---

057/22: Høyring og offentlig ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 111/22 Vedtak:**

Kommunestyret tar høyringa til vitande.

Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje ved Hjeltefjorden blir realisert gjennom planprosessen, og at me kan bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med.

Samrøystes.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:****K - sak 057/22 Vedtak:**

Kommunestyret tar høyringa til vitande.

Kommunestyret ber om at lokalitet for akvakultur på austsida av Fedje ved Hjeltefjorden blir realisert gjennom planprosessen, og at me kan bruke dialogen med kystverket for å finne ei løysing for arealet som begge parter kan være nøgd med.

Samrøystes vedteke.

---

058/22: Energieffektivisering i kommunale bygg

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:****F - sak 110/22 Vedtak:**

- Fedje kommune etablerer eit ENØK fond på kr 500 000,- i 2023
- I kommunale bygg vert maksimumstemperaturen sett til 20 grader
- I idrettshallar vert maksimumstemperaturen sett til 17 grader på speleflater
- I garderobar vert maksimumstemperaturen sett til 21 grader
- Sjukeheimen/legekontoret, helsestasjonen og den delen av barnehagen der ungane oppheld seg er unnateke

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

Energiproduksjon, foreslått av Paul Magnar Knapskog, Høgre

I tillegg: Fedje kommune undersøker kva moglegheiter me har for straumproduksjon ved hjelp av solenergi på kommunale tak.

Ein må også undersøkja moglegheita til soloppvarming av symjebassenget.

Tileggsforslag, foreslått av Gidske Borge Kolltveit, Arbeiderpartiet

Fedje kommune etablerer eit ENØK fond på kr 500 000,- i 2023

- I kommunale bygg vert maksimumstemperaturen sett til 20 grader

- I idrettshallar vert maksimumstemperaturen sett til 17 grader på speleflater
- I garderober vert maksimumstemperaturen sett til 21 grader
- Sjukeheimen/legekontoret, helsestasjonen, klasseromma der skule elevane oppheld seg, og den delen av barnehagen der ungane oppheld seg er unnateke.

**Behandling:**

Stian Herøy (H) foreslo at siste linje i forslaget frå representanten Paul M Knapskog (H) vart tatt vekk. Kommunestyret slutta seg til Stian Herøy (H) sitt forslag.

**K - sak 058/22 Vedtak:**

Fedje kommune etablerer eit ENØK fond på kr 500 000,- i 2023

- I kommunale bygg vert maksimumstemperaturen sett til 20 grader
- I idrettshallar vert maksimumstemperaturen sett til 17 grader på speleflater
- I garderober vert maksimumstemperaturen sett til 21 grader
- Sjukeheimen/legekontoret, helsestasjonen, klasseromma der skule elevane oppheld seg, og den delen av barnehagen der ungane oppheld seg er unnateke.  
Fedje kommune undersøker kva moglegeheit me har for straumproduksjon ved hjelp av solenergi på kommunale tak.  
Samrøystes vedteke.

---

059/22: Forslag om ny organisering/selskapsstruktur i NGIR

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 113/22 Vedtak:**

Kommunestyret gir si støtte til at NGIR organiserer næringsavfall i eit eige AS. Kommunestyret er negativ til organisering av NGIR i til saman tre aksjeselskap, kor Hushald og Drift er tenkt som to eigne AS. NGIR IKS er eit relativt oversiktleg selskap, med avgrensa verksemd og få tilsette.

Kommunestyret vurderer det slik at organiseringa i tre selskap under NGIR IKS, vert kompliserande og kan vere fordyrande på sjølvkostområde, utan at tenesta isolert sett vert forbetra.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

Kamilla B K Karlsen (Ap) ba om at gildskapen hennar vart tatt stilling til, mannen hennar er styremedlem i NGIR.

Kamilla B K Karlsen deltok ikkje i handsaming av eigen gildskap.

Kommunestyret ser ikkje at Kamilla B K Karlsen (Ap) er ugild i saka.

**K - sak 059/22 Vedtak:**

Kommunestyret gir si støtte til at NGIR organiserer næringsavfall i eit eige AS.

Kommunestyret er negativ til organisering av NGIR i til saman tre aksjeselskap, kor Hushald og Drift er tenkt som to eigne AS. NGIR IKS er eit relativt oversiktleig selskap, med avgrensa verksemd og få tilsette.

Kommunestyret vurderer det slik at organiseringa i tre selskap under NGIR IKS, vert kompliserande og kan vere fordyrande på sjølvkostområde, utan at tenesta isolert sett vert forbetra.

Samrøystes vedteke.

---

060/22: Tilbod frå NGIR om å ta over fakturering av renovasjons- og slamgebyr på Fedje

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:****F - sak 114/22 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at NGIR overtek administrasjon og fakturering av renovasjonsgebyra i Fedje kommune. Kommunestyret opphevar siste del av setning i sak 070/21 (Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall i Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune – vedteke 28.10.21) «men slik at Fedje kommune sjølv skal krevje inn renovasjonsgebyr frå eigedomar i kommunen for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldningsavfall». NGIR overtar administrasjon av abonnementgebyra frå 01.01.2023.

Kommunestyret vedtek å behalde administrasjon av slamtømming som kommunal oppgåve.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:****K - sak 060/22 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at NGIR overtek administrasjon og fakturering av renovasjonsgebyra i Fedje

kommune. Kommunestyret opphevar siste del av setning i sak 070/21 (Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall i Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune – vedteke 28.10.21) «men slik at Fedje kommune sjølv skal krevje inn renovasjonsgebyr frå eigedomar i kommunen for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldningsavfall». NGIR overtar administrasjon av abonnementsgebyra frå 01.01.2023. Kommunestyret vedtek å behalde administrasjon av slamtømming som kommunal oppgåve. Samrøystes vedteke.

---

061/22: Møteplan for formannskapet og kommunestyret fyrste halvår 2023

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 093/22 Vedtak:**

Møteplan vår 2023 for formannskap og kommunestyret, alle møte startar 17.15  
Formannskap: 14 februar, 18 april og 6 juni  
Kommunestyret: 23 februar, 27 april og 15 juni  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 061/22 Vedtak:**

Møteplan vår 2023 for formannskap og kommunestyret, alle møte startar 17.15  
Formannskap: 14 februar, 18 april og 6 juni  
Kommunestyret: 23 februar, 27 april og 15 juni  
Samrøystes vedteke.

---

062/22: Høyring av rapport frå ekspertutvalget som har vurdert vidare handtering av ubåtvraket U-864

**Formannskapet** 22.11.2022



## **Behandling:**

### **F - sak 112/22 Vedtak:**

Kommunestyret tek ekspertutvalet si utgreiing til vitande.

Kommunestyret er nøgd med løysinga som utvalet er kome fram til, og håpar at mest mogleg av kvikksølv kan takast opp.

Kommunestyret ventar at regjeringa følgjer opp med midlar til arbeidet i budsjettet for 2024.

Samrøystes.

Samrøystes.

### **Kommunestyret 15.12.2022**

Endringsforslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Kommunestyret tek ekspertutvalet sin rapport til vitande.

Kommunestyret er nøgd med den løysinga ekspertutvalet har komen fram til.

Fedje kommune legg til grunn at regjeringa følgjer opp ekspertutvalet sin klare konklusjon; at mesteparten av lasten (kvikksølv) vert forsøkt fjerna frå vrakdelane og sedimenter. I tillegg til dette ventar kommunestyret at regjeringa følgjer opp med midlar til arbeidet i budsjettet for 2024.

## **Behandling:**

### **K - sak 062/22 Vedtak:**

Kommunestyret tek ekspertutvalet sin rapport til vitande.

Kommunestyret er nøgd med den løysinga ekspertutvalet har komen fram til.

Fedje kommune legg til grunn at regjeringa følgjer opp ekspertutvalet sin klare konklusjon; at mesteparten av lasten (kvikksølv) vert forsøkt fjerna frå vrakdelane og sedimenter. I tillegg til dette ventar kommunestyret at regjeringa følgjer opp med midlar til arbeidet i budsjettet for 2024.

Samrøystes vedteke.

---

063/22: Antal representantar i kommunestyret for perioden 2023 - 2027

### **Kommunestyret 15.12.2022**

Forslag, foreslått av Silje Sulen Gullaksen, Høgre  
Kommunestyret reduserer talet representantar frå 15 til 11.  
Samtidig blir fast godtgjersle fjerna og erstatta med auka møtegodtgjersle til kr 2000kr.

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Kommunestyret reduserer talet representantar frå 15 til 13.

Antall representantar i kommunestyret for perioden 2023 - 2027, foreslått av Elin Iren Øien Solbakk, Framstegspartiet  
Kommunestyret forblir med 15 representantar.  
Fast honorar i formannskap og kommunestyre blir tatt vekk.  
Møtehonorar vert auka til kr 2000 i kommunestyre og formannskap.

### **Behandling:**

Supsedier avrøysting.

Forslag frå Bjørn Solbakk (Frp) kommunestyret vert framleis 15 representantar vart sett opp mot forslaget frå Otto A Nordby (H) kommunestyret reduserar antal representantar til 11 representantar, for valperioden 2023 - 2027.

Forslaget frå Bjørn Solbakk (Frp) fekk 10 røyster, Silje Gullaksen, Otto A Nordby, Paul Knappskog, Paul Rognsvåg og Ove Nilsen alle frå Hørgje røysta mot forslaget.

Forslaget frå Kamilla B K Karlsen (Ap) kommunestyret reduserar antalet representantar frå 15 til 13 representantar i valperioden 2023 - 2027.

Forslaget frå Kamilla B K Karlsen (Ap) vart sett opp mot vedtaket om at det framleis skal vara 15 representantar i kommunestyret som vart vedteke tidligare møte.

Forslaget frå Kamilla B K Karlsen (Ap) sitt forslag vart vedteke med 12 mot 3 røyster.

Møtegodtgjersle: Otto A Nordby (H) fremja forslag om å ta vekk den fastemøtegodtgjersla som er i dag og at den faste møtegodtgjersla vert erstatta med møtegodtgjersla for kommunestyret og formannskapet vert sett til 2000,- kr per møte.

Kamilla B K Karlsen (Ap) fremja forslag om at det framleis vert fast møtegodtgjersle for formannskapet og kommunestyret, pluss møtegodtgjersle på 1000,- kr møte i formannskapet og kommunestyret.

Forslaget frå Otto A Nordby (H) vart vedteke 8 mot 7 røyster.

### **K - sak 063/22 Vedtak:**

Antal på representantar i kommunestyret vert 13 for valperioden 2023 - 2027.

Vedteke 12 mot 3 røyster, Bjørn Solbakk (Frp) Elin Ø Solbakk (Frp) og Inge Waage (uavhengig) røysta mot forslaget.

Møtegodtgjersla for 2023 vert sett til 2000,- kr per møte i formannskapet og kommunestyret, den faste godtgjersla for formannskap og kommunestyret vert fjerna for 2023. Vedteke 8 mot 7 røyster.

Kamilla B K Karlsen (Ap) Hans Erik Waage (Ap) Einar Villanger (Ap) Gidske Borge Kolltveit (Ap) Anna Marit Storemark (Ap) Jan Erling Borge (Ap) og Inge Waage ( uavhengig ) røysta mot forslaget.

---

064/22: Betalingsattsar matpengar barnehagen 2023

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 094/22 Vedtak:**

For Fedje barnehage vert matpengane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen, med verknad frå 01.01.23, slik det kjem fram frå tabellen i saksutgreiinga.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 064/22 Vedtak:**

For Fedje barnehage vert matpengane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen, med verknad frå 01.01.23, slik det kjem fram frå tabellen i saksutgreiinga.  
Samrøystes vedteke.

---

065/22: Betalingssettar SFO 2023

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 095/22 Vedtak:**

Nye settar for SFO vert med verknad frå 01.01.2023 slik:

1 dag	kr. 565,00
2 dagar	kr. 1130,00
3 dagar	kr. 1695,00
4 dagar	kr. 2260,00
5 dagar	kr. 2825,00

Kjøp av ekstra dag kr. 220,00  
Vedtektene for SFO vert justert i høve dei nye settsane.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 065/22 Vedtak:**

Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2023 slik:

1 dag	kr. 565,00
2 dagar	kr. 1130,00
3 dagar	kr. 1695,00
4 dagar	kr. 2260,00
5 dagar	kr. 2825,00

Kjøp av ekstra dag kr. 220,00

Vedtektene for SFO vert justert i høve dei nye satsane.

Samrøystes vedteke.

---

066/22: Satsar for kulturskolen 2023

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 096/22 Vedtak:**

Frå 01.01.2023 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr. 1450 pr. semester. Satsen for to aktivitetar er kr. 2180 pr. semester. Kortare kurs vert prissett av kulturskulerektor.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 066/22 Vedtak:**

Frå 01.01.2023 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr. 1450 pr. semester. Satsen for to aktivitetar er kr. 2180 pr. semester. Kortare kurs vert prissett av kulturskulerektor.

Samrøystes vedteke.

---

067/22: Justering av sats for omsorgstønad 2023

**Eldrerådet** 16.11.2022

**Behandling:**

**ELD - sak 006/22 Vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2023 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til kr.176,65 og maksbeløpet vert satt til kr.9290 per måned. Samrøystes vedteke.

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 098/22 Vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2023 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til kr.176,65 og maksbeløpet vert satt til kr.9290 per måned. Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 067/22 Vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2023 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til kr.176,65 og maksbeløpet vert satt til kr.9290 per måned. Samrøystes vedteke.

---

068/22: Justering av satsar for matombringning 2023

**Eldrerådet** 16.11.2022

**Behandling:**

Erling Herøy (H) fremja forslag om at satsane for matombringning for 2023 vert ståande på nivået frå 2022. Eldrerådet vil ikkje auka satsane på matombringning for 2023.

**ELD - sak 007/22 Vedtak:**

Satsane for matombringning vert ikkje auka for 2023.  
Samrøystes vedteke.

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 099/22 Vedtak:**

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2023 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.108
Fullt måltid utan dessert	kr.90
Halvt måltid med dessert	kr.54
Halvt måltid utan dessert	kr.40
Dessert	kr.17

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 068/22 Vedtak:**

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2023 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.108
Fullt måltid utan dessert	kr.90
Halvt måltid med dessert	kr.54
Halvt måltid utan dessert	kr.40
Dessert	kr.17

Samrøystes vedteke.

---

069/22: Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelp 2023

**Eldrerådet** 16.11.2022

**Behandling:**

Eldrerådet lurar på om det er ein feil tabellen som ligg i saka?

**ELD - sak 008/22 Vedtak:**

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor.  
Samrøystes vedteke.

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 100/22 Vedtak:**

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor. Formannskapet ber om å få meir orientering i denne saka i kommunestyremøtet. Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 069/22 Vedtak:**

Betalingssatsane for praktisk bistand i 2022 vert justert som føreslått i tabellen ovenfor. Formannskapet ber om å få meir orientering i denne saka i kommunestyremøtet. Samrøystes vedteke.

---

070/22: Justering av satsar for tryggleiksalarm og velferdsteknologi 2023

**Eldrerådet** 16.11.2022

**Behandling:**

Eldrerådet er glad for at kommunen kan tilby denne tenesta gratis.

**ELD - sak 009/22 Vedtak:**

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar for alle brukarar. Samrøystes vedteke.

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 101/22 Vedtak:**

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar for alle brukarar.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 070/22 Vedtak:**

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar for alle brukarar.  
Samrøystes vedteke.

---

071/22: Gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2023 (gebyrregulativ byggesak og oppmåling mm)

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 102/22 Vedtak:**

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune 2023  
vert vedteke. Lovheimel : Sjå regulativet som er vedlagt saka.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 071/22 Vedtak:**

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune 2023  
vert vedteke. Lovheimel : Sjå regulativet som er vedlagt saka.  
Samrøystes vedteke.



---

072/22: Kommunale gebyr for feiing og tilsyn

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 103/22 Vedtak:**

Gebyret for feiing og tilsyn i 2023 blir satt tl 524,. kr inkl. mva.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 072/22 Vedtak:**

Gebyret for feiing og tilsyn i 2023 blir satt tl 524,. kr inkl. mva.  
Samrøystes vedteke.

---

073/22: Kommunale gebyr for renovasjon 2023

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 104/22 Vedtak:**

Gebyr for renovasjon i 2023 vert i samsvar med saksutgreiinga.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 073/22 Vedtak:**

Gebyr for renovasjon i 2023 vert i samsvar med saksutgreiinga.  
Samrøystes vedteke.

---

074/22: Kommunale gebyr for tømning av slam 2023

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 105/22 Vedtak:**

For 2023 blir ikkje gebyret på tømning av slam endra.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 074/22 Vedtak:**

For 2023 blir ikkje gebyret på tømning av slam endra.  
Samrøystes vedteke.

---

075/22: Kommunale gebyr for vatn og avløp

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 106/22 Vedtak:**

Gebyr for vatn og kloakk i 2023 vert i samsvar med saksutgreiinga.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 075/22 Vedtak:**

Gebyr for vatn og kloakk i 2023 vert i samsvar med saksutgreiinga

---

076/22: Husleige i kommunale bustader i 2023

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 097/22 Vedtak:**

Husleige i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga.  
Samrøystes vedtek.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 076/22 Vedtak:**

Husleige i 2022 vert i samsvar med saksutgreiinga.  
Samrøystes vedtek.

---

077/22: Kommunebudsjettet for 2023 og økonomiplan for 2023-2026

**Eldrerådet** 16.11.2022

**Behandling:**

-Positivt at Helsetunet er omtalt i budsjettet.

-Ombygging av Hjartebanken - Eldrerådet ber om at ved ombygging at kommunale bygg, at det vert

tatt særleg omsyn til universell utfortming.

-Den Kulturelle spaserstokken er eit viktig kulturtilbod for eldre.

#### **ELD - sak 010/22 Vedtak:**

Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre med dei endringar og kommentarar som Eldrerådet har lagt inn.  
Samrøystes vedteke.

#### **Ungdomsrådet 16.11.2022**

##### **Behandling:**

Kommunedirektør Berit Rystad orienterte om budsjettet, kommunedirektøren sa ho ville at om det var saker ungdomsrådet ville drøfta med henne i 2023, var dei velkommen til det.

Kommunedirektøren orienterte om den kommunale ungdomsklubben. Det er eit ynskje frå ungdomsklubben med treningsapparat/hinderløype og gapahuk i Nordsjøløypa.

Ungdomsrådet drøfta ulike arrangement dei ynskjer arrangera i løpet av 2023. Som til dømes neonparty. Ungdomsrådet ber kommunestyret om 30 000,- kr som dei kan nytta til ulike arrangement/ og eller utstyr til ungdomsklubben i 2023.

#### **U - sak 012/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet ber kommunestyret løyva 30 000,- kr som ungdomsklubben kan nytta til ulike arrangement/ og eller utstyr til ungdomsklubben i 2023.

Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke med den endringa som ungdomsrådet har lagt inn.

Samrøystes vedteke.

#### **Formannskapet 22.11.2022**

##### **Behandling:**

Utbygging av Hjartebanken: Silje Gullaksen (H), Marit Øien (Frp) røysta imot ombygging av Hjartebanken. Kamilla K B Karlsen (Ap) og Stian Herøy (H) røysta for ombygginga av Hjartebanken, ordførar Stian Herøy her ekstrastemme når ein får avrøysting 2-2 grunna at det berre er 4 representantar til stades i formannskapsmøtet. Innstillinga frå formannskapet vert då at ein løyver midlar til ombygging av Hjartebanken.

Stian Herøy (H) varslar at dei kjem med forslag om at barnehagen skal vera gratis i 2023.

Kamilla B K Karlsen (Ap) Pendlarartilskot: Kamilla B K Karlsen (Ap) kjem med forslag om at ein opprettheldt pendlarartilskotet for 2023. Representanten varslar og at det kjem forslag om å styrka bemanninga i barnehagen i 2023. Det kjem forslag om at ein ikkje skal ha bassenget stengt heile sommaren 2023.

Låneopptak Husbanken: Fedje Kommunen tek opp lån på 2 mill. til vidare utlån. Samrøystes.

#### **F - sak 107/22 Vedtak:**

Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre, med dei endringane som er varsla.  
Samrøystes vedteke.

**Arbeidsmiljøutvalet** 28.11.2022

#### **Behandling:**

#### **AMU - sak 010/22 Vedtak:**

Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

Endringsframlegg Høgre og Frp, foreslått av Silje Sulen Gullaksen, Høgre  
Fedje kommune vidareførar tilbodet om gratis barnehage for 2023.

Inndekning:

90 000kr i auka skatteanslag

Fjerne 2 politikare, ca 58 000,

Ikkje vatn i bassenget om sommaren, ca. 120 000

Eit ledig husvære no, ca. 200 000 i meirinntekt, då budsjett seier 4 på årsbasis

Redusert inntekt gratis barnehage er etter statsbudsjettet redusert med ca. 50 000

Sum 518 000kr

Ein eventuell differanse vil bli dekkja av ein reduksjon eller ei auke i mindreforbruket.

Endringsforslag Driftsbudsjett, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Lærlingar – I Fedje kommune skal det til ein kvar tid vere minst to lærlingar. Det vert oppretta ein eigen post i budsjettet som skal dekkje lønn til lærlingar i Fedje kommune og midlar til rettleiarar som tek på seg ansvaret for lærlingar. Desse pengane skal ikkje lenger gå frå budsjettet til den eininga som har lærling, men frå fellespotten.

Innføre brukarbetaling i barnehagen med kr. 2000:

For Fedje barnehage vert betalingsatsane for barnehagen frå 01.01.2023 slik:

Tilbod Ant. dagar Ant. timar Opphald

100 % 5 50 t/veka 2000,-

80 % 4 40 t/veka 1600,-

60 % 3 30 t/veka 1200,-

40 % 2 20 t/veka 800,-

\*Det er 30 % søskenmoderasjon for to barn.

- \*Det vert gitt 30 % moderasjon for einslege forsørgjarar.
- \*Gebyr for sein henting vert 100,- jmf. vedtektene i Fedje barnehage.
- \*Kjøp av ekstra dag 400,-.

Brukarbetalinga vil dekke mat for brukarane og dei tilsette i barnehagen. For Fedje barnehage vert satsane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen med verknad frå 01.01.2023 slik det får fram av tabellen i over.

Inndekning: Redusere driftsoverskotet med kr. 250 000.

Endringsframlegg driftsbudsjett, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Ikkje vidareføre fødselstilskot -50 000 kr.

Ikkje vidareføre gratis husleige i 3 månader - 80 000 kr med dei bustadane som står tomme pr. dags dato.

Varaordførar skal ha fast lønn utan tillegg for kommunestyret eller formannskapet. I tillegg vil ikkje varaordførar få møtegodtgjering for kommunestyret eller formannskapet, på lik linje med ordføraren. - 25 000kr.

Gjeninnføre pendlartilskotet med halve satsen frå 2022. Styrke budsjettet med 60 000 kr.

Ha bassenget ope så mykje som mogleg gjennom heile året. Drive mier aktivt med utleige av nøklar. Satsane vert sett til 150 kr. pr. dag og 500 kr. pr. veke. Styrke budsjettet for straumutgiftar med 95 000 kr.

Kamilla B K Karlsen (Ap) trakk dette forslaget under behandlinga.

Tilleggsforslag Økonomiplan, foreslått av Hans Erik Waage, Arbeiderpartiet  
Fedje AP meiner at tida no er inne for å starte prosjektering av nytt bustadfelt , og ber om at dette vert teke med i økonomiplanen for 2023-2026  
Fedje Ap meiner også at tida for å bygge nye utleigebustader er inne. Skal me lokke ungdom til Fedje, må me ha bustadar som har ei noko høgare standard enn dei me har i dag. Me ber om at dette og blir tatt med i økonomiplanen 2023-2026.

Samrøystes vedteke.

Endringsframlegg, foreslått av Silje Sulen Gullaksen, Høgre  
Kommunestyret vil utsette avgjerda om flytting av kommunehuset til me har ein samla plan over ny sjukeheim og flytting av kommunehuset. Me ber om ein plan på gjenbruk av eksisterande sjukeheim, samling av kommunale tenester og ein plan for korleis ein skal kvitta seg med byggmasse som kommunen ikkje har bruk for lenger.

Innspele til budsjettprosess i 2024, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Lærlingar – I Fedje kommune skal vi ha inntil to lærlingar. Det vert oppretta ein eigen post i budsjettet som skal dekkje lønn til lærlingar i Fedje kommune og midlar til rettleiarar som tek på seg ansvaret for lærlingarar. Desse pengane skal ikkje lenger gå frå budsjettet til den eininga som har lærling, men frå posten.

Nytt endringsforslag Driftsbudsjett, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Ikkje vidareføre gratis husleige i 3 månader - 80 000 kr med dei bustadane som står tomme pr. dags dato.

Forslaget vart ikkje vedteke, Ap røysta for, og Frp røysta mot.

Gjeninnføre pendlartilskotet med halve satsen frå 2022. Styrke budsjettet med 80 000 kr. Vart ikkje røysta over.

Ha bassenget ope så mykje som mogleg gjennom heile året. Drive meir aktivt med utleige av nøklar for turistar. Satsane vert sett til 150 kr. pr. dag og 500 kr. pr. veke.

Møtehonorar, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet  
Varaordførar fraserer seg møtehonorar for Km og Fm, ca kr 30000.- styrking av budsjett, men vara får møtehonorar

### **Behandling:**

Først vart forslag om utsetting av ombygging av Hjartebanken tatt til votering. Forslaget om utsetting av saka vart ikkje vedteke. Saka fall med 10 mot 5 røyster, Silje Gullaksen (H) Otto A Nordby (H) Ove Nilsen (H) Bjørn Solbakk (Frp) og Elin Ø Solbakk røysta for utsetting.

Endringsforslaga frå Silje Gullaksen (H) Kamilla B K Karlsen (Ap) vart sett opp mot kvarandra i avrøystinga.

Saka om lærlingar fremja av Kamilla B K Karlsen (Ap) vert tatt med i budsjett prosessen for 2024.

### **K - sak 077/22 Vedtak:**

Fedje kommune vidarefører tilbodet om gratis barnehage for 2023.

Inndekning:

90 000kr i auka skatteanslag

Fjerne 2 politikare, ca 58 000,

Ikkje vatn i bassenget om sommaren, ca. 120 000

Eit ledig husvære no, ca. 200 000 i meirinntekt, då budsjett seier 4 på årsbasis

Redusert inntekt gratis barnehage er etter statsbudsjettet redusert med ca. 50 000

Sum 518 000kr

Ein eventuell differanse vil bli dekket av ein reduksjon eller ei auke i mindreforbruket.

Forslaget frå Silje Gullaksen (H) vart vedteke med 9 røyster. H og Frp røysta for forslaget, Ap røysta for forslaget frå Kamilla B K Karlsen (Ap).

Utleige av nøklar til sømjehallen for turistar. Satsane vert sett til 150 kr. pr. dag og 500 kr. pr. veke. Samrøystes vedteke.

Varaordførar får ikkje møtegodtgjersle for 2023.

Samrøystes vedteke.

Tida no er inne for å starte prosjektering av nytt bustadfelt, kommunestyret ber om at dette vert teke med i økonomiplanen for 2023-2026.

Kommunestyret meiner også at tida for å bygge nye utleigebustader er inne. Skal me lokke ungdom til Fedje, må me ha bustadar som har ei noko høgare standard enn dei me har i dag.

Samrøystes vedteke.

Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre, med dei endringane som er vedteke i møtet.

Samrøystes vedteke.

---

078/22: Godkjenning av skatteøre og skattesats etter eigedomsskattelova for 2023

**Formannskapet** 22.11.2022

**Behandling:**

**F - sak 108/22 Vedtak:**

Skatteøren vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2023.

Skatt i 2023 på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum (§ 3c i eigedomsskattelova): 7 promille.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 078/22 Vedtak:**



Skatteøren vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2023.  
Skatt i 2023 på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum (§ 3c i eigedomsskattelova): 7 promille.  
Samrøystes vedteke.

---

079/22: Anbod på utviding av gravplass Bøgardsvika

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

**K - sak 079/22 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å utvide gravplassen ved å løyve 7.1 millionar og tildele oppdraget til Samnøy Maskin AS  
Samrøystes vedteke.

---

080/22: Eventuelt

**Kommunestyret** 15.12.2022

**Behandling:**

Spørsmål til ordføra: frå Paul Knapskog (H) knytt til bruk av Koronamiddlar (1 støtteordning).  
Spørsmålet var: Kva er statusen for dei tiltaka som fekk utbetalt Koronamiddla? Har dei utført deitiltaka dei fekk middlar til? Kan kommunen krevja middlane tilbakebetalt, om omfordela dei på nytt til nye tiltak? Kamilla B K Karlsen (Ap) stilte spørsmål om gildskapen til Paul Knapskog. Paul Knapskog var ein av søkjarane til støtteordninga.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Paul Knapskog (H) er ugild i behandlinga. Paul Knapskog var ikkje med i behandlinga om egne gildskap, han var heller ikkje med når spørsmålet vart drøfta i kommunestyret. Kommunestyret ber kommunedirektøren komma tilbake til kommunestyret i møtet i februar 2023 med ei oversikt over bruk av koronamiddlar (1 støtteordning).

Spørsmål til ordførar: frå Gidsk Borge Kolltveit (Ap) Formannskapet ba kommunedirektørten i i sak 079/22 : "Formannskapet ber kommunedirektøren utreda kor mykje det vil koste med ventilasjonsanlegg på skulen og i den delen av sjukeheimen som ikkje har ventilasjonsanlegg." Representanten Kolltveit stilte spørsmål om kvifor ikkje dette var med i saka om ombygging av Hjartebanken.

Kommunesdirektøren svarte at dette skulle ein sjå på ut på våren 2023.

**K - sak 080/22 Vedtak:**

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.

---